



AF Decom AS  
Sjøkrigsskoleveien 15  
5165 LAKSEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/783 - 16/7581

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
29.03.2016

## Løyve til riving av bygning - gbnr 213/6 Eikanger nedre

### Administrativt vedtak. Saknr: 156/16

**Tiltakshavar:** Lindås kommune, eigedom  
**Ansvarleg søkjar:** AF Decom AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav e

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av einestad/barnehage med bygd areal (BYA) ca. 86 m<sup>2</sup>.  
Bygningsnummer er 176284161  
Søknaden omfattar arrondering av terreng tilpassa opphavsleg terreng etter at rivinga er utført.  
Det vert elles vist til søknad motteke 04.03.16 og supplert 22.03.16.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar på mail den 21.03.16, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Søknadsblankett 5175

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 22.03.16.  
Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.03.16 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som undervisning.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Uttale frå anna styresmakt



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Bygget som skal rivast er vist i situasjonsplan datert 17.02.16.

#### Vatn og avløp (VA)

Tiltakshavar er ansvarleg for fråkobling av all infrastruktur til huset før riving.

#### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket medfører ikkje endringar frå dagens situasjon

#### Terrenghandsaming

Søkar har opplyst at terrenget etter rivinga skal arronderast og tilpassast det naturlege terrenget på staden.

#### Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

### **VURDERING**

Kommunen har ingen spesielle merknader til tiltaket. Det visast til utgreiing om tiltaket i søknad motteken 04.03.16.

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Det vert vist til gjennomføringsplan datert 04.03.16 for oversikt over ansvarsområder i tiltaket.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav e vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for riving av einebustad/barnehage på følgjande vilkår:

1. Tiltaket gjeld riving av bygning som vist i situasjonsplan datert 17.02.16. Bygningsnummer 176284161.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2 med heimel i SAK § 9-3.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/783

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

*I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune, eigedom

**Mottakarar:**

AF Decom AS

Sjøkrigsskoleveien 5165  
15

LAKSEVÅG